

HAREID ROTARY KLUBB



MÅNEDSBREV FEBRUAR 2004.

ÅRGANG 40

DISTRIKT 2280

Møtedag: Mandag kl 18.00 – 19.00
Møtested: Klubbhuset til
Hareid IL
6060 Hareid

President: Elisabet Sundgot

Visepres.: Ingar Bigset
Sekretær: Trygve Riise
Kasserer: Oddvar Haugen
Past pres.: John Stennes
Styremedlem: Arne Lillebø
Styremedlem: Arve R. Røyseth
Leiar ungdoms
utveksling: Sverre Bjåstad

Ansv. Red.: Jan-Håvard Nytun
Referent februar: Nils Yngve Nupen

Fødselsdagar i mars:

100%frammøte i februar 2004:

Ingar Bigset, Håkon Eidsvik, Svein
Johs. Flø, Sigbjørn Haddal, Johs.
Hareide, Magnar Hatløy, Svein Egil
Kleppe, Jan Håvard Nytun, Aage
Nytun, Trine Johnsen, Jan Rise, Arne
G. Grimstad, Otto Holstad, Jarle
Klubgsøyr, Trygve Riise

Frammøteprosent: 69,9

Mitt gamle sel

Mitt gamle sel gjev meg ro og kvile
og fjellvind suller meg i draumeland
Og hendingar frå farne dagar
stig fram i minnet så mang ein gong
Og fjellsus lindt meg i morgonstund vekker
når solstrålar glitrer på doggvåt bru
Då gjennom glaset i selet speglar
ein solstrålebrand som gjev von og tru

Sjå flog og tindar i sol seg badar
og lyfter toppane mot høgda blå
I fossen spelar glimande krystallar
og elva surlar stilt, både til og frå
Slik morgonstemning vi seint vil gløyma
men gøyma djupast ved hjarterot
Den ber oss bod om "Allheimsens skapar"
om helg og høgtid i himmelrom

Nils Nupen

Mandag 02. februar 2004.

President Elisabet Sundgot opna møtet.

Gjest: Knut Nærø som orienterte om Eiksundsambandet.

Knut Nærø opna foredraget med å gi ei historisk oversikt tilbake til tida då dei rodde mellom øyane i Herøy kommune fram til dei første fergene over til Ulstein.

Vidare frå dei starta arbeidet med å bygge gruer mellom øyane til Eiksundsambandet som vart starta opp 24. februar 2003 og som skal stå ferdig hausten 2007.

Han fortalde om den politiske drakampen for å skaffe staltege løyvingar til prosjektet og den entusiasme og stå på vilje som prega dei som gjekk i bresjen for prosjektet der han sjøl heile tida hadde spelt ei sentral rolle.

Han viste også kommunikasjonslinja frå øyane via Kvivsvegen til Austlandet.

Knut Nærø sitt foredrag var svært interessant og engasjerande.

Endring av program:

01. mars blir det informasjon om Rotary Internasjonal for nye medlemar.

29. mars opptak av nye medlemar

Mandag 9. februar 2004.

Bedriftsbesøk hjå Jets Vakum
Orientering frå bedriftsleiinga.

Mandag 16. februar 2004.

Opning av møtet ved Ingar Bigset.

Foredrag av Oskar Grimstad om arbeid i sentralstyret i eit politisk parti.

For 6 år sidan var Oskar fylkesleier i FRP. Fekk under landsmøtet i Stjørdal forespørsel om å stille i sentralstyre som medlem av sentralstyret. Vart først valgt for 1 år, men sidan for 2 år av gangen og har no 6 år bak seg i sentralstyret.

I denne tida var partiet inne i ei svært vanskeleg periode som enda med at fleire medlemar vart suspendert/ ekskludert frå partiet. Oskar ga uttrykk for at det var ei svært tøff periode og langt frå det han hadde venta skulle bli dagsorden når han gjekk inn. I dag er Oskar ikkje i tvil om at det var rett å foreta snuoperasjonen, ikkje minst når ein ser på kvar partiet står i dag.

Oskar har vore leiar av valkomiteen to gonger og var no tenkt å trekke seg frå sentrale verv.

Under fylkesårsmøte i Geiranger i helga let han seg overtale til 2 nye år som leiar.

Partformann Karl I Hagen har vore partileiar i 25 år, og kjem om 2 år til å gå av. Det blir såleis ei spennande utfordring å kunne sitte som leiar av valkomiteen fram til valet i 2005.

Landsmøtet er øverste organ i partiet.

Sentralstyret består av 11 medlemar og har ca 55 tilsette i organisasjonen. Vidare er det 7-8 fylkeslag der sentralstyret har tilsett sekretær.

Budsjett: ca 25 mill kroner til organisatorisk arbeid

Stortingsgruppa har eit eige budsjett på 8-9 mill kroner

Fylkespartiet i M&R mottek offentleg støtte på ca. kr. 800.000,-

Fylkespartiet i M&R er iflg. Oskar eit mønsterparti.

Arbeidet i sentralstyret:

Komitear med ansvar for:

Skulering: Omfattande skuleringsprogram for partiet sine medlemmar

Utgivelse av avis til medlemane som betalar ein kontingent på kr. 250,- pr. år

Inkl. avis.

Politisk rekneskap

Prinsipp og handlingsprogram

Strategiutval fram mot stortingsvalet i 2005. Siv Jensen er leiar.

EU-medlemskap (Oskar har ansvar for havbruk og fiskeri)

Mest aktuelt i desse dagar: Sentralstyret sine medlemmar reiser til fylkeslaga sine årsmøter Oskar avslutta med spørsmålsrunde frå salen.

Oskar Grimstad sitt innlegg var svært interessant frå ein person som har gjort karriere i partiet, og som dei siste 6 åra har spelt ei sentral rolle i partiet.

Oskar sitt innlegg vart godt motteke og han fekk ros for å ikkje ha opptreidd partipolitisk i eit forum der politisk diskusjon ikkje er på dagsorden.

Hallkjell Dahle orienterte om programmet 23. februar der landslagstrenar i fotball Åge Hareide er gjestetalar. Godt gjort å få han på talarlista.

Mandag 23. februar 2004.

President Elisabet Sundgot opna møtet og ynskte landslagstrenar Åge Hareide velkomen som gjestetalar. Likeså ynskte ho Ulstein Rotary vekommen.

Åge starta med å mimre litt om oppveksten her på Hareid og at var her det heile starta. Vegen har gått frå han som aktiv spelar vann sitt førtse trofé i 1966 då gutelaget til Hareid vann Sunnmørsposten sin cup for gitar, til trenarjobben som starta for 20 år sidan i Molde.

Åge snakka om fotball, om måten han tenkte på, og om korleis han målmedvite bygde opp spelarane rundt seg. Han hevda mellom anna at det er dårleg leiing når bedrifter ikkje gir tilbakemelding om det arbeidet dei tilsette gjer. Mennesker er den viktigaste kjelda til vekst og utvikling.

Han ville mobilisere det han kalla humankapitalen og skape ein vinnarkultur, ein kultur der ein har omtanke for kvarandre. Alt handlar om trivsel og tryggleik, om ein skal prestere. Men å utvikle menneske krev læring.

Å vite er kunnskap. Å kunne er ferdigheit. Å ville er innstilling, slo han fast og la fram visjonen sin om å skape underhaldande fotball.

Eit svært interessant foredrag.